



MØTEPROTOKOLL

Meland sokneråd

Dato: 17.01.2019 kl. 18:00
Stad: Møteplassen
Arkivsak: 19/00004

Til stade: Regine Sagstad Berg, Bent Gunnar Næss, Bjørn Tore Sæle,
Andreas Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Brigt Roar Skeie, Andreas
Westermoen

**Møtende
varamedlemmer:** Per Audun Heskestad

Protokollfører: Anne Sofie Nergård Uthaug

SAKSKART		Side
Godkjenning av innkalling og saksliste		
Godkjenning av protokoll		
Saker til behandling		
1/19	Verdiane i kyrkjelydsarbeidet - utdyping i tekst	2
2/19	Val av nominasjonskomite	4
Orienteringssaker		
3/19	Offerliste 2019	
4/19	Orienteringssaker	

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Godkjenning av protokoll

Protokollen frå 06.12.18 vart godkjent.

Saker til behandling

1/19 Verdiane i kyrkjelydsarbeidet - utdjuping i tekst

Behandlet av	Møtedato	Saksnr.
1 Meland sokneråd	17.01.2019	1/19

Forslag til vedtak

Verdidokumentet baserar seg på gode kvalitetar i Meland kyrkjelyd, og peikar på viktige verdiar og mål i den vidare utviklinga av kyrkjelyden.

Engasjert:

Kyrkjelyden ønskjer stort engasjement ved at mange er aktive deltakarar i gudstenester, husgrupper, gudstenestelag, og bønoliv. Ein ønskjer at mange brenn for kyrkjelyden og samfunnet i Meland og viser det, ikkje minst i diakonalt arbeid for ungdom, innvandrarar og nyinnflytta.

Mangfaldig:

Kyrkjelyden vil ha eit mangfald ved at mange ulike menneske tek del. Det er ønska variasjon i dei musikalske og kulturelle uttrykka og rom for ulike tilnærmingar til tru. Kyrkjelyden ønskjer innhaldsrike og varierte gudstjenester med rom for nyskaping. Det skal vera tilbod til menneske i alle aldrar.

Inviterande:

Kyrkjelyden ønskjer å vere en plass for alle som bur i kommunen. Det vert arbeid for å gje utadretta tilbod som har lav terskel der menneske kan oppleve fellesskap og gode relasjonar. Kyrkjelyden ønskjer å vere open og inviterande der menneske vert styrka, finn vener og vert oppbygde i trua. Kyrkjelyden vil ha gode trusopplæringstilbod retta mot barn og unge, og eit konfirmantarbeid med høg kvalitet.

Kvardagskyrkje:

Det vert arbeidd for å bygge ei ny kyrkje på Frekhaug som skal vera ein møteplass for heile kommunen. Kyrkja vil vera ein open møteplass alle dagar i veka, med rom for kaffi og prat, tru og håp midt i kvardagslivet.

Møtebehandling

Det kom framlegg i møtet om å ha med følgjande tekst i starten av vedtaksteksten:

Meland kyrkjelyd

Visjon: Nær Gud – nær menneske

Verdiar: Engasjert, mangfaldig og inviterande kvardagskyrkje

Votering

Framlegget til vedtak med tillegget vart samrøysta vedteke

Vedtak

Meland kyrkjelyd

Visjon: Nær Gud – nær menneske

Verdiar: Engasjert, mangfaldig og inviterande kvardagskyrkje

Verdidokumentet baserar seg på gode kvalitetar i Meland kyrkjelyd, og peikar på viktige verdiar og mål i den vidare utviklinga av kyrkjelyden.

Engasjert:

Kyrkjelyden ønskjer stort engasjement ved at mange er aktive deltakarar i gudstenester, husgrupper, gudstenestelag, og bønoliv. Ein ønskjer at mange brenn for kyrkjelyden og samfunnet i Meland og viser det, ikkje minst i diakonalt arbeid for ungdom, innvandrarar og nyinnflytta.

Mangfaldig:

Kyrkjelyden vil ha eit mangfald ved at mange ulike menneske tek del. Det er ønska variasjon i dei musikalske og kulturelle uttrykka og rom for ulike tilnærmingar til tru. Kyrkjelyden ønskjer innhaldsrike og varierte gudstjenester med rom for nyskaping. Det skal vera tilbod til menneske i alle aldrar.

Inviterande:

Kyrkjelyden ønskjer å vere en plass for alle som bur i kommunen. Det vert arbeidd for å gje utadretta tilbod som har lav terskel der menneske kan oppleve fellesskap og gode relasjonar. Kyrkjelyden ønskjer å vere open og inviterande der menneske vert styrka, finn vener og vert oppbygde i trua. Kyrkjelyden vil ha gode trusopplæringstilbod retta mot barn og unge, og eit konfirmantarbeid med høg kvalitet.

Kvardagskyrkje:

Det vert arbeidd for å bygge ei ny kyrkje på Frekhaug som skal vera ein møteplass for heile kommunen. Kyrkja vil vera ein open møteplass alle dagar i veka, med rom for kaffi og prat, tru og håp midt i kvardagslivet.

[Lagre]

2/19 Val av nominasjonskomite

Behandlet av	Møtedato	Saksnr.
1 Meland sokneråd	17.01.2019	2/19

Forslag til vedtak

Soknerådet vel følgjande personar til ein nominasjonskomite for soknerådsvalet 2019, som skal levere ferdig liste innan 30.april:

*Kari Erikstein

*Ingunn Reigstad

* ...

Møtebehandling

Olaug Bratshaug hadde sagt ja til å vere med i komiteen. Ingunn Reigstad stilte seg til disposisjon som leiar for komiteen, og ho kallar inn til møte.

Votering

Vedtaket var samrøysta

Vedtak

Soknerådet vel følgjande personar til ein nominasjonskomite for soknerådsvalet 2019, som skal levere ferdig liste innan 30.april:

*Kari Erikstein

*Ingunn Reigstad, leiar.

*Olaug Bratshaug

[Lagre]

Orienteringssaker

3/19 Offerliste 2019

Vedtak:

Offerlista 2019 vert teke til orientering
Samrøysta vedtak.

4/19 Orienteringssaker

Saksorientering

- Referat og orientering frå sist NAMU-rettleiing 22.11.18.
- NAMU-arbeidet. AU jobbar med ny rettleiaravtale og planlegging av ny kyrkjelydsprofil denne våren.
- Medarbeidaroppfølging. AU startar opp ein telefonrunde til alle leiararar for ulike arbeidsgreiner og grupper med mål om å få ringt alle innan medarbeidarfesten 12.2. Vidare ringerunde må delegerast etter ein plan.
- Yngres Frekhaug treng nye leiarar. Leiar Kari Erikstein har orientert om den store oppslutningen om Yngres i haust, som gjer behovet for fleire leiarar prekært. Det

meldte seg to leiarar på sist gudsteneste, men det vil bli jobba vidare med dette framover frå staben.

- Kulturkveld. Soknepresten orienterer.
- Medarbeidarfest på Tveit bedehus 12.02 kl. 19.00. Kyrkjeverja orienterer.
- Brukte stolar til Møteplassen og kyrkja. Kyrkjeverja orienterer.
- Skriv

Forslag til vedtak

Sakene vert teke til orientering.

Møtebehandling

Årsmøtet blir flytta til 31.mars kl. 1300

Cash-kveld blir om mogleg 10.mars

Vedtak:

Sakene vert teke til orientering.

Frækhaug 21.januar 2019

Anne Sofie Nergård Uthaug,
møtesekretær